



Møre og Romsdal fylkeskommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/samferdsleavdelinga og samferdsleutvalet

Geiranger / Aurland 04.12.2015

Strengare miljøkrav til ferjekonsesjonar på verdsarfjordane

Verdsarvrådet er eit samarbeidsorgan for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. I verdsarvrådet sit ordførarane i alle dei 6 verdsarvkommunane, samt fylkeskommunane og fylkesmennene i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland. Verdsarvrådet har som si fremste oppgåve å medvirke til ei utvikling i områda som er i tråd med intensjonen for verdsarv. Verdsarvrådet vart etter drøftingar samde om følgjande uttale på sitt møte på Stranda 01.12.2015:

«Verdsarvrådet oppmodar samferdsleutvala i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane om å stille strengare krav til miljøteknologi ved handsaming av konsesjonar for ferjetrafikken i verdsarvkommunane, og spesielt på verdsarfjordane Geirangerfjorden/Sunnylvsfjorden og Nærøyfjorden/Aurlandsfjorden.

Vestnorsk fjordlandskap har gjennom miljøinitiativet Grøn fjord over tid arbeidd med problemstillingar knytt til miljøutslepp i verdsarvområdet med omland. På transportsektoren har perspektivet vore både den landbaserte trafikken, men også den sjøbaserte transporten (cruise, ferjer o.a.).

Vi har difor med stor interesse merka oss utspelet på Mørekonferansen 2015 der Energi- og miljøkomiteen på Stortinget kunngjer at dei vil be Regjeringa stille krav om nullutslepp for nye ferjer.

Vi observerer at det er eit stort fokus på miljøutsleppa i verdsarfjordane både frå lokalmiljøet/innbyggjarane, miljøorganisasjonar, reiseselskapa og ikkje minst frå nasjonal og internasjonal presse. Ved neste anbodspériode bør samferdsleutvala stille krav om nullutsleppsferjer på verdsarfjordane. Ved å stille strengare miljøkrav på transportsektoren kan ein oppfylle fleire sentrale miljømål. Verdsarvkommunane har slik vi vurderer det fleire ferjestrekningar der ny miljøteknologi eignar seg og bør utprøvast.

Konsesjonane for ferjedrifta på verdsarfjorden Geirangerfjorden har til no - så vidt vi kjenner til - ikkje inneholdt miljøkrav. Dette er ei rein kommersiell rute, der miljøkrav kan få noko uheldige konsekvensar med bortfall av rutetilbod. Men vi registrerer også at The Fjords som er det nye selskapet som opererer på verdsarfjordane, har høge ambisjonar om innføring av ny miljøteknologi på sine ferjestrekningar. *The Fjords* lanserer sin første el-hybridbåt på Nærøyfjorden/Aurlandsfjorden i mai 2016.

Verdsarvkommunane og forvaltninga knytt til verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap har teke på seg heilt klare forpliktingar når det gjeld forvaltninga av verdsarvområdet, spesielt på miljøsida.



VERDSARV

Vestnorsk fjordlandskap

Verdsarvsekretariata har gjennom «Grøn fjord» og «Levande fjord» teke mange og omfattande initiativ for å setje miljø på dagsorden, men vi har ikkje nådd heilt fram med argumentasjonen om at dette området krev særskilde tiltak på miljøsida. Med den offensive haldninga Energi- og miljøkomiteen no viser, føler vi at tida bør vere inne for å ta slike initiativ, også i fylkeskommunal regi. M&R fylkeskommune har vedteke ein klimaplan der eit slikt tiltak vil høve godt inn.

Statusen som verdsarvfjord er ikkje gitt for evig tid. Måten forvaltninga og alle aktørane driv utviklinga i området på vert kontinuerleg evaluert av UNESCO, og det er avgjerande at ein kan vise til konkrete tiltak for å kunne ta vare på denne prestisjefylte statusen. Den gir oss ei rekkje muleheiter som vi for all del ikkje må svekkje gjennom kortsiktig tenking og låge ambisjonar.

Vi meiner difor at initiativet som kom på Mørekonferansen 2015 frå Energi- og miljøkomiteen på Stortinget om å stille krav til miljøteknologi på nye ferjer og skip og krav om nullutslepp for nye ferjer er rette krav til rett tid, og som dessutan har mange gode sideeffektar som t.d.:

- *Sysselsetjing*: verftsindustrien på Vestlandet kan gjere bruk av ledig spisskompetanse i oljesektoren
- *Teknologiutvikling* gir konkurransefortrinn: strengare miljøkrav fører til auka satsing på utvikling av grønare framdriftssystem, som igjen gir mindre forbruk av drivstoff og lågare miljøbelastningar
- *Økonomi/finansiering*: Det vert arbeidd med miljøfinansiering gjennom m.a. rentekompensasjons-ordninga i regi av Norsk Industri Maritime med deltakarar frå m.a. LO, NHO, Bellona og maritime organisasjonar. Miljøvenleg ferjetrafikk på verdsarvfjorden burde passe godt inn i dette konseptet.

Om vi ser utover, legg vi også merke til at EU arbeider intenst med miljøutfordringane, jf. t.d. Arbeidsprogram 2016 med undertittelen «No time for business as usual». Her vert det sagt i klartekst at det hastar med å finne løysingar på desse.

Verdens første batteridrivne ferje er norsk og trafikkerer E39-strekninga Lavik – Oppedal i Sogn og Fjordane. *Ampere*, som ferja heiter, har blitt presentert i ei rekkje samanhengar sidan den starta opp i februar i år. Denne utsleppsfree ferja er blitt interessant for europeiske aktørar. Då Statens vegvesen la ut anbodet på den nye ferja hadde det bakgrunn i at ein i statsbudsjettet for 2012 gjorde framlegg om at ferjedrifta mellom Lavik og Oppedal skulle lysast ut som ein konkurranse om å levere det mest energi- og miljøeffektive fartøyet i riksferjedrifta. Eksempelet er eit framståande døme på regional innovasjon innan energi, og viser også at det er mogleg å nå fram med ønsket om grøne løysingar når aktørane vert utfordra.

Vi meiner Noreg har svært gode føresetnader for å kome i fremste rekkje m.o.t. utvikling av grøn teknologi innan sjøtransport. Vi vonar difor samferdsleutvala vil følgje opp initiativet som no er fremja av Energi- og miljøkomiteen om å stille strengare krav til miljøvenleg teknologi ved utlysing av anbod på ferjestrekninga i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap med omland.

Vi har med stor interesse prøvd å følgje med i debatten omkring satsinga på meir miljøvenleg ferjedrift, og har klipt inn nokre lenker frå artiklar vi har lagt merke til og som støttar standpunktet vårt om at det no er rett tid å satse meir på miljøteknologi på denne sektoren:

<http://www.smp.no/nyheter/2015/11/24/Stiller-krav-til-miljøteknologi-på-nye-ferjer-og-skip-11844705.ece>



VERDSARV

Vestnorsk fjordlandskap

<http://www.maritime.no/debattinnlegg/behov-for-a-tenke-nytt-om-organiseringen-av-ferjeanbud/>

<http://w3.siemens.no/home/no/no/topics/fremtiden-elektrisk/pages/elektrisk-bilferge.aspx>

<http://www.smp.no/meninger/leder/article11361976.ece>

<http://bellona.no/nyheter/skipsfart/2015-08-batteriferger-knuser-diesel-pa-lonnsomhet>

<http://www.nrk.no/mr/el-ferjer-vil-redusere-utslepp-tilsvarande-150-000-bilar-1.12499580>

<http://www.nrk.no/mr/skipsfarten-skal-bli-miljovennlig-1.12383787>

Lenka frå Stortinget:

<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2015-2016/inns-201516-078/1/>

Verdsarvrådet stiller seg fullt og heilt bak initiativet frå Energi- og miljøkomiteen om å stille krav om nullutslepp for nye ferjer, og meiner at ferjestrekningane på verdsarvfjordane Geirangerfjorden/Sunnlyvsfjorden og Nærøyfjorden/Aurlandsfjorden bør prioriterast og peikar seg ut som eit naturleg prøveprosjekt ettersom det bør stillast særlege krav til utslepp i eit verdsarvområde. Verdsarvrådet oppmøder alle verdsarvkommunane til å følgje Stranda kommune sitt initiativ om å uttale seg i saka til fylkeskommunane».

Verdsarvrådet ber om eit svar frå Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane fylkeskommune i saka.

Med vennleg helsing

Jan Ove Tryggestad

Leiar

Verdsarvrådet

Vestnorsk fjordlandskap

(dig. sign)

Hans Erik Ringkjøb

Nestleiar

Kopi:

- Verdsarvkommunane; Stranda, Norddal, Aurland, Lærdal, Vik og Voss
- Klima- og miljødepartementet
- Miljødirektoratet
- Riksantikvaren
- Fylkesmannen i M&R, S&F og Hordaland